



Fyllingsnes Fisk AS
Eide Fjordbruk AS
Ewos Innovation AS

Dato: 20.05.2016
Vår ref.: 2016/4600-2
Sakshandsamar: Endre Korsøen
Telefon: 917 64 632

H-L-3 og H-L-24 Fyllingsnes Fisk AS, H-L-25, H-L-26 og H-L-27 Eide Fjordbruk AS og H-O-5 Ewos Innovation AS - Løyve til å etablere anlegg for oppdrett av matfisk av regnbogeaure på lokalitet 13870 Eikebærånæ i Lindås kommune

Vi syner til Dykkar søknad av 29.04.2016.

Vedtak

Hordaland fylkeskommune gjev med dette Fyllingsnes Fisk AS org. nr. 930387215, akvakulturløyva med reg. nr. H-L-3 og H-L-24, Eide Fjordbruk AS org. nr. 866751242, akvakulturløyva med reg. nr. H-L-25, H-L-26 og H-L-27 og Ewos Innovation AS org. nr. 911501252, akvakulturløyve med reg. nr. H-O-5, løyve til å etablere anlegg for oppdrett av matfisk av regnbogeaure (*Oncorhynchus mykiss*) i sjø på følgjande lokalitet i Lindås kommune i Hordaland fylke:

Nr	Lokalitet	Kommune	Lokalitets -biomasse	Anleggets midtpunkt Euref89/WGS84	Samlokalisering		
13870	Eikebærånæ	Lindås	1560 tonn	60° 33.806' N 05° 21.181' E	H-L-3, H-L-24, H-L-25, H-L-26, H-L-27 og H-O-5		
Anlegget er godkjent med følgjande hjørnepunkter-kartreferansar oppgjeve i Euref-89/WGS84							
1		2		3		4	
60° 33.778' N 05° 21.165' E		60° 33.826' N 05° 21.140' E		60° 33.832' N 05° 21.197' E		60° 33.785' N 05° 21.233' E	

Lokalitet 13870 Eikebærånæ er godkjent for akvakulturløyva H-L-25, H-L-26 og H-L-27 tilhøyrande Eide Fjordbruk AS, akvakulturløyva H-L-3 og H-L-24 tilhøyrande Fyllingsnes Fisk AS og akvakulturløyve H-O-5 tilhøyrande Ewos Innovation AS. Kvar av løyva omfattar ei maksimal tillaten biomasse på 780 tonn. For nærmare oversikt over kva lokalitetar som er godkjent for dei einskilde løyva, viser vi til akvakulturregisteret.

H-O-5, Ewos Innovation AS, er eit akvakulturløyve for laks og aure til forsøks- og forskingsføremål som gjeld fram til 01.01.2020.

Lokalitetsbiomassen skal ikkje på noko tidspunkt overskride 1560 tonn.

Lovheime!

Løyvet er gjeve av Hordaland fylkeskommune med heimel i Lov av 17.06.2005 nr. 79 om akvakultur og Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse for akvakultur for laks, ørret og regnbueørret (laksetildelingsforskrifta). Dette løyvet etter akvakulturlova inkluderer løyve etter matlova, forureiningslova og hamne- og farvannslova.

Særskilte vilkår for akvakulturløyva H-L-24, H-L-25, H-L-26 og H-L-27

Hordaland fylkeskommune viser til vedtak av 29.03.2016 frå Fiskeridirektoratet med heimel i akvakulturlova § 4, jf. §§ 5 og 6 om fire tilsegn om løyve til akvakultur av laks, aure og regnbogeaure i Fiskeridirektoratet region Vest.

Fiskeridirektoratet viser til avtale inngått mellom Eide Fjordbruk AS og Fyllingsnes Fisk AS og staten v/Nærings- og fiskeridepartementet, 29.03.2016, som oppfølging av Gulating lagmannsrett sin rettskraftige dom 17.12.2014 i sak 13-175274ASD-GULA/AVD2.

Tilsegna kan takast i bruk umiddelbart, også før vederlaga er betalt. Tilsegna er gjeve med følgjande vilkår:

- Kwart løyve er avgrensa til 780 tonn maksimalt tillaten biomasse.
- Det er ein føresetnad for å ta tilsegna i bruk at det ligg føre eit løyve som inkluderer klarering av lokalitet. Søknad om klarering av lokalitet skal sendast den aktuelle fylkeskommune. Løyvedokument vil først bli utskrevet dersom lokalitet vert klarert.
- Det skal betalast vederlag til staten for 3 av løyva med 15 000 000 kroner. Vederlaget skal betalast til Fiskeridirektoratet, Økonomiseksjonen, Postboks 185 Sentrum, 5804 Bergen, kontonummer 7694 05 09048 og merkast *saksnummer 16/4175 Eide Fjordbruk AS tilsegn 1 av 3, saksnummer 16/4175 Eide Fjordbruk AS tilsegn 2 av 3 og saksnummer 16/4175 Fyllingsnes Fisk AS*. Frist for innbetaling er 29.04.2016. Dersom vederlaget for tilsegna om løyve ikkje er betalt innan denne fristen, vert løyva trekt attende.

Særskilte vilkår for forsøks- og forskingsløyve H-O-5

Hordaland fylkeskommune viser til vedtak frå Fiskeridirektoratet av 07.09.2010 om lenging av Ewos Innovation AS sitt akvakulturløyve med reg. nr. H-O-5 til forsøks- og forskingsformål av matfisk av laks og aure. Lenginga vert gjeve for metodeutvikling og vekstforsøk for egne fôrprodukt og vert gjeve med same vilkår som før og under føresetnad av at vidareføringa ikkje kjem i konflikt med sektorlovregelverket. Løyvet gjeld til 01.01.2020.

Grunngjeving

Fyllingsnes Fisk AS, Eide Fjordbruk AS og Ewos Innovation AS søkte 29.04.2016 om maksimalt tillaten biomasse (MTB) på 1560 tonn på lokalitet 13870 Eikebærånæ i Lindås kommune.

Lokaliteten Eikebærånæ var klarert for ein MTB på 1560 tonn fram til 18.06.2012. Frå denne datoen vart lokalitetsbiomassen nedjustert til 780 tonn. Grunnen til dette var at Eide Fjordbruk AS sine akvakulturløyve vart flytta til annan lokalitet slik at det var att berre eit akvakulturløyve på 780 tonn på lokalitet Eikebærånæ. Lokaliteten vart imidlertid tilført fem nye akvakulturløyve i vedtak av 19.04.2016, men då utan at det vart gjort endringar i lokalitetsbiomassen. Grunnlaget for å nedjustere MTB er soleis ikkje lenger tilstades.

Då lokaliteten er tidlegare klarert jf. løyva datert 12.06.2003 er ikkje denne saka sendt til verken Lindås kommune, Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern- og klimaavdeling, Mattilsynet Region Sør og Vest, Kystverket Vest eller Fiskeridirektoratet Region Vest.

Hordaland fylkeskommune har vurdert søknaden etter lov av 17. juni 2005 nr 79 om akvakultur, og i høve til generelle vilkår for klarering av akvakulturlokalitet som nemnd i § 30 i laksetildelingsforskrifta som seier at lokalitet for akvakultur kan klarerast dersom:

- a) *det er miljømessig forsvarlig;*
- b) *det er foretatt en avveining av arealinteresser, med særlig vekt på*
 1. *søkers behov for areal til planlagt akvakultur,*
 2. *alternativ bruk av området til annen akvakultur,*
 3. *annen bruk av området, og*
 4. *verneinteresser som ikke omfattes av bokstav d.*

c) det er gitt tillatelser som kreves etter

1. lov 19. desember 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet mv.,
2. lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall,
3. lov 17. april 2009 nr. 19 om havner og farvann
4. lov 24. november 2000 nr. 82 om vassdrag og grunnvann; og

d) det ikke er i strid med

1. vedtatte arealplaner etter plan- og bygningsloven 14. juni 1985 nr. 77,
2. vedtatte vernetiltak etter kapittel V i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold,
3. vedtatte vernetiltak etter lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner.

og kome fram til at tiltaket ikkje kjem i konflikt med reglane i forskrifta.

Ved handsaming av søknaden er sakshandsamingsreglane i naturmangfaldlova av 19. juni 2009 nr. 100 § 8 -12 følgt i vurdering av om tiltaket det vert søkt om er miljømessig forsvarleg etter laksetildelingsforskrifta §30a. Søknaden har, tidlegare, på vanleg måte etter reglane i akvakulturlova vore til handsaming hjå kommunen og sektorstyresmaktene, og det er ikkje kome opplysningar om at saka ikkje er tilstrekkeleg opplyst i høve til oppdrettsanlegget si påverknad på naturmangfaldet. Hordaland fylkeskommune vurderer derfor at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg til å fatte eit vedtak og at det omsøkte tiltaket ikkje har ein irreversibel påverknad på naturmangfaldet. Den samla belastninga på naturmiljøet blir som tidlegare.

Etter ei samla vurdering har Hordaland fylkeskommune gjeve Fyllingsnes Fisk AS org. nr. 930387215, akvakulturløyva med reg. nr. H-L-3 og H-L-24, Eide Fjordbruk AS org. nr. 866751242, akvakulturløyva med reg. nr. H-L-25, H-L-26 og H-L-27 og Ewos Innovation AS org. nr. 911501252, akvakulturløyve med reg. nr. H-O-5, løyve til å etablere anlegg for oppdrett av matfisk av regnbogeare i sjø med MTB 1560 tonn på lokalitet 13870 Eikebærånæ i Lindås kommune på nærmare vilkår.

Generelle vilkår

Løyve vert gjeve under føresetnad av at etablering, drift og eventuelt avvikling vert gjennomført i samsvar med gjeldande lovverk, forskrifter og vilkår.

Lokalitet skal etablerast i samsvar med vedlagte kart. Dersom De ønskjer å endra anlegget i høve til dette løyvet, må det sendast søknad om dette til Hordaland fylkeskommune.

Løyve etter Akvakulturlova inneberer at det er gjeve eit offentleg rettsleg løyve inkludert løyve etter matlov, forureiningslova og hamne- og farvannslova.

Løyvet vert gjeve utan ansvar med omsyn til nabo-, eigedoms- eller andre privatrettslege tilhøve. Dette løyvet frittek Dykk ikkje frå plikt til å innhenta naudsynt løyve etter andre lover, eller plikt til å retta Dykk etter reglar og påbod som vert gjeve med heimel i slike lover.

Løyve kan trekkjast attende eller anlegget kan verte kravd redusert dersom tilhøva skulle tilseie dette.

Pliktar

Som konsesjonsinnehavar har De plikt til å sette Dykk inn i det regelverket som gjeld for løyver etter akvakulturlova. Akvakulturlova med tilhøyrande forskrifter er tilgjengeleg på www.lovdatab.no.

De pliktar å gje representantar frå Fiskeridirektoratet, Fylkesmannen, Kystverket og Mattilsyn tilgang til granskning av og opplysningar om anlegget.

Kopi av dette løyvet med vedlegg skal oppbevarast tilgjengeleg for alle tilsette på anlegget, og også slik at løyvet kan synast til alle som har kontrollrett.

Vedlegg

Uttale frå Fylkesmannen i Hordaland 08.03.2016, Mattilsynet Region Sør og Vest 13.04.2016, Fiskeridirektoratet Region Hordaland 12.06.2003, samt kart med godkjent plassering av anlegget og klageskjema fylgjer vedlagt.

Klage

Vedtaket kan påklagast. Sjå om dette i vedlagde orientering. Ei eventuell klage skal framsettast til Hordaland fylkeskommune.

I medhald av forvaltningslova sin §27b vert det sett som vilkår for å gå til søksmål at ein har nytta høvet til å klaga. Ein gjer merksam på at eventuell klage ikkje fører til at iverksetjing av vedtaket vert utsett. Det er likevel høve til å søkje om at iverksetjing blir utsett til klagesaka er avgjort.

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling


Sølve Sondbø
seksjonssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi:

Fiskeridirektoratet Region Vest
Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern- og klimaavdelinga
Mattilsynet Region Sør og Vest
Kystverket Vest
Lindås kommune

H-L-3 og H-L-24 Fyllingsnes Fisk AS
 H-L-25, H-L-26, H-L-27 Eide Fjordbruk AS
 H-O-5 Ewos Innovation AS
 Lokalitet 13870 Eikebærånæ




Lokalitet 13780 Eikebærånæ



Målestokk: 1:10 000

PLASSERING AV OMSØKTE ANLEGG.

På lokaliteten vil det bli lagt ut eit stålanlegg i retning nord-sør bestående av 10 stk Rabben bur å 25x25 m som vil bli lagt ut parvis langs ei midtbrygge (figur 4.3). Heile anlegget vil bli liggjande vinkelrett frå land det anleggets kortende mot nord vil bli liggjande ca 90 m frå land.



Figur 4.3. Plassering av anlegget med fortoyningsplan ca 90 m frå land ved Mundal teikna etter økonomisk kartverk (M= 1:5 000). Kartreferanse, sjøkart: N 60°33,82' E 05°21,54'.

(1) Sendar (stemplet til forvaltningsorganet) Hordaland fylkeskommune Agnes Mowinckels gate 5 PB 7900 5020 BERGEN	Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak (Forvaltningslova § 27 tredje leddet) Dato: 20.05.2016
(3) Mottakar (namn og adresse) Fyllingsnes Fisk AS Eide Fjordbruk AS Ewos Innovation AS	(4) Klageinstans Fiskeridirektoratet, Kyst- og havbruksavdelinga Postboks185 Sentrum 5804 BERGEN
<p>Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjord kjend med.</p> <p>Klagerett De har rett til å klage på vedtaket.</p> <p>ven kan De klage til? Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk (4).</p> <p>Klagefrist Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det.</p> <p>Retttil å krevjegrunggjeving Dersom De meiner at vi ikkje har grunggjeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunggjeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunggjevinga.</p> <p>Innhaldet i klaga De må presisere</p> <ul style="list-style-type: none"> - kva for eit vedtak De klagar på - årsaka til at De klagar - den eller dei endringar De ønskjer - eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga <p>Klaga må underskrivast.</p> <p>Utsetjing av gjennomføringa av vedtaket Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort.</p> <p>Retttil å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.</p> <p>Kostnadene med klagesaka De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk (4)) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.</p> <p>Klage til Sivilombodsmannen Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.</p>	
Særlege opplysningar	

X-0073 N (Godkj. 05-95) Elektronisk utgåve